

Fra: Bjarte Stølås Storli[Bjarte.Stolas.Storli@sveio.kommune.no]

Sendt: 20.10.2025 20:15:52

Til: Vestland fylkeskommune[post@vlfk.no]

Kopi: Kata Urban[Kata.Urban@vlfk.no]; Jostein Førre[Jostein.Forre@sveio.kommune.no];

Bente Marie Johansen[bente.marie.johansen@sveio.kommune.no];

Tittel: Høringsfråsegn frå Sveio kommune – Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Some people who received this message don't often get email from
bjarte.stolas.storli@sveio.kommune.no. [Learn why this is important](#)

Sveio kommune viser til høring av planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse (dykkar referanse 2025/12228-12) og innvilga forlenga høringsfrist (dykkar referanse 2025/12229-36).

Høringsfråsegn frå Sveio kommune, vedtatt av Sveio formannskap 20. oktober 2025, jf. sak FOR-105/25, følger her:

Sveio kommune støttar initiativet til ein felles regional plan for verdiskaping og kompetanse, og ser det som eit viktig verkemiddel for å nå dei overordna måla i Utviklingsplanen for Vestland 2024–2028. Planen har tydelege ambisjonar om å styrke både berekraft, konkurransekraft og kompetanse. For Sveio er det viktig at planen balanserer mellom det regionale/fylkesnivået og det lokale perspektivet som tek omsyn til distriktutfordringar og desentralisert busetnad.

Kommunen meiner det er viktig og nødvendig med eit overordna og strategisk perspektiv som kan styrke samordning mellom kommunar, fylke, stat, utdanning og næringsliv, slik planen legg opp til. For Sveio kommune som ligg heilt sør i fylket, er det særskild viktig at ein ser heilskapleg på både utdanningstilbodet og arbeidsmarknaden på tvers av fylkesgrensene. Sveio kommune ser det slik at i dei tema planen ønskjer å ta opp er den ganske konkret i høve til tema kompetanse og inkludering. I høve til tema omstilling og konkurransekraft er det vanskeleg å sjå noko konkret retning i planprogrammet.

Sveio kommune meiner at viktige områder som tilgang til næringsareal, energi og transport burde vore handsama som særskilte tema i planen trass i at desse områda vert vurdert i plan for areal og mobilitet. Det vert føresett at framdrifta av planane skal gå parallelt, men verdiskaping synes i å vera eit meir underordna tema i plan for areal og mobilitet. Sveio kommune oppmodar om at desse temaområda også vert teke inn i Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Frå kommunen si side ynskjer ein å trekkje fram at utfordringar ein ser lokalt i kommunane, er noko ein regionalt i samarbeid med kommunane kan finna gode løysingar på som møter utviklingsplanen til fylket.

Sveio kommune ynskjer å trekkje fram fylgjande utfordringar som ein ser naturlege som del av planprogrammet:

- Demografi og rekruttering: Ungdom flyttar ut for utdanning og det er krevjande å få dei til å flytta tilbake. Ein kjem til å gå tomt for folk i arbeid, lenge før ein går tom for pengar. Spesielt har ein den siste tida sett det er krevjande å rekruttera og behalda helsepersonell til dei kommunale tenestene.

- Kompetansetilbod: Avstand til høgare utdanning gjer at mange vel å flytte til større byar. Dette svekker tilgangen på kompetent arbeidskraft lokalt. Ein vil her trekkja fram at eit desentralisert utdanningstilbod i større grad kan nyttast for å møte desse utfordringane, samt at ein sikrar auka grad av læring heile livet, også i møte med eit behov for omstilling.
- Infrastruktur: Vegstandard, kollektivtilbod, og framtidsretta samferdsleprosjekt er avgjerande faktorar for å utvikle næringsliv og kompetansemiljø, men er framleis ei barriere. Kommunen vil trekkje fram at fokus på framtidsretta infrastruktur er eit viktig grep for å sikra konkurransekraft.

For å sikre ei berekraftig utvikling, attraktive lokalsamfunn og eit framtidsretta arbeidsliv, må planen sjå på korleis fylkeskommunen i samarbeid med kommunar som Sveio kan leggja til rette for å løysa utfordringane ein ser, og dra nytte av dei store moglegheitene som ligg i kommunane.

Med vennleg helsing

Bjarte Stølås Storli

Jurist og politisk sekretær

Telefon: 53 74 80 11 / 480 01 476

E-post: bjarte.stolas.storli@sveio.kommune.no



Sveio kommune

Sentralbord: 53 74 80 00

www.sveio.kommune.no

postmottak@sveio.kommune.no